



Arkivsaknr: 2024/11949-7
Sakshandsamar: Nadia Margrethe Molland
Avdeling: Stab - Helse og omsorg

SAKSFRAMLEGG

To katter på loftet AS vedtak om skjenkeløyve

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Utval for levekår	

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. To katter på loftet AS org.nr. 934 310 292 får innvilga fast alminneleg skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1-3 i omsøkte lokaler i Kvernhusmyrane 3, 5914 Isdalstø i perioden frå 01.05.25 – 30.09.28
2. Løyvet gjeld for innandørs servering med om lag 150 gjestar.
3. Løyvet for utandørs skjenking gjeld for om lag 80 gjestar.
4. Skjenketid for alkoholhaldig drikk innandørs for gruppe 1 og 2 er onsdag og torsdag frå kl. 13.00-23.00. Fredag og laurdag frå kl. 13.00-02.00. Sundag frå kl. 14.00 -23.00.
5. Skjenketid for alkoholhaldig drikk gruppe 3 er onsdag og torsdag frå kl. 13.00- 23.00 Fredag og laurdag frå kl. 13.00-01.00. Sundag frå kl. 13.00-23.00.
6. Skjenketid utandørs vil vere onsdag og torsdag frå kl. 13.00-23.00, laurdag frå kl. 13.00-24.00 og sundag frå kl. 14.00-23.00.
7. Styrar: Richard Opdal Walaker f. 13.10.95
Avløyсар: Linda Opdal f. 28.22.73

Løyvehavar pliktar å sende til Alver kommune oppgåve over faktisk omsett mengd alkohol innan 01. mars kvart år.

Løyvehavar har sjølv ansvar for til ei kvar tid å leggje fram opplysningar for kommunen som kan ha konsekvensar for dei vilkår som er sett i løyve.

Klageadgang: Klagefrist er 3 veker etter mottatt melding om vedtak, jfr. Forvaltningslova § 29. Klageinstans er Statsforvaltaren i Vestland. Klage skal sendast til Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i utval for levekår.

Saka gjeld

To katter på loftet AS org.nr. 934 310 292 søker skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1-3 i lokala i Kvernhusmyrane 3, 5914 Isdalstø. Driftskonsept er bar med servering av enkle japanske retter.

To katter på loftet AS søker også om løyve til skjenking av alkohol på avgrensa utandørs område knytt til lokala i Kvernhusmyrane 3.

Styrar for skjenkeløyve: Richard Opdal Walaker f. 13.10.95

Avløysar: Linda Opdal f. 28.11.73

Det søkast og om serveringsløyve. Dagleg leiar forserveringsløyvet er Richard Opdal Walaker f. 13.10.95.

Vurdering

Kommuneplan samfunnsdel 2022-2034 I Alver kommune legg vekt på eit berekraftig samfunn og næring. Det kjem fram i planen at Alver ønskjer eit rikt og inkluderande kulturliv som er ein drivkraft i samfunnsutviklinga.

To kattar på loftet AS ønskjer å bidra til eit betre uteliv i Alver kommune og skape møteplassar i hovudsak for vaksne. Konseptet er bar med enkel matservering av japanske matrettar.

Opningstid for to katter på loftet AS:

Onsdag og torsdag frå kl. 11.00 – 23.00

Fredag og laurdag frå kl. 11.00 – 02.30.

Sundag frå kl. 14.00-23.00.

Skjenketid for alkoholhaldig drikk innadørs for gruppe 1 og 2:

Onsdag og torsdag frå kl. 13.00-23.00.

Fredag og laurdag frå kl. 13.00-02.00.

Sundag frå kl. 14.00 til 23.00.

Skjenketid for alkoholhaldig drikk gruppe 3 er:

Onsdag og torsdag frå kl. 13.00- 23.00.

Fredag og laurdag frå kl. 13.00-01.00.

Sundag frå kl. 13.00-23.00.

Skjenketid for gruppe 1-3 utandørs:

Onsdag og torsdag frå kl. 13.00-23.00

Fredag og laurdag frå kl. 13.00-24.00

Sundag frå kl. 14.00-23.00.

I Alver kommunes alkoholpolitiske plan for 2024-2028 kjem det fram: «*Alle nye serverings- og skjenkestader skal ha universell utforming av lokala, inklusive toaletter. Unntak kan gjevast der slik utforming/tilrettelegging fører til uforholdsmessig byrde for verksemda. I denne vurderinga skal det leggjast vekt på effekt og kostnad av tilrettelegginga og verksemdas art og ressursar, jf. likestillings- og diskrimineringsloven § 17.*»

Innandørs er det 60-150 sitjeplassar fordelt på 150m².

Lokala ligg i tilknytning til Amfi Knarvik senter og har eige inngang frå gateplan.

Innandørsområde er på 115,4 m². Lokalet ligg i andre etg, i bygget er det trappeheis opp til serverings- og skjenkestaden. To toalett i fellesområde, og dessutan eit toalett i første etg som vil vera tilgjengeleg som handicaptoalett. Det er tre rømmingsvegar i lokalet og ein utandørs tilknytta område for uteserveringa. Brannstige frå andre etg er ikkje godkjent rømmingsveg grunna tilstand på stigen. Denne brannstigen må vere i stand og godkjennast ved branntilsyn før løyvet kan tas i bruk. Lokale er under oppussing på søknadstidspunktet og tilsynsrapport frå bannvesenet vil bli ettersendt når oppussing er ferdig og tilsyn er gjennomført.

Alver kommunes alkoholpolitiske plan for 2024-2028 set vilkår for skjenking utandørs:

- Løyvet vert gitt eit klart avgrensa areal som er avskjerma i høve trafikk og brannrømmingsvegar
- Det er ikkje tillat med musikk eler underhaldning ved bruk av elektrisk anlegg/høgtalar på utandørsserveringa etter kl. 23.00. Musikk eller underhaldning må uansett ikkje vere slik at den er til vesentleg sjenanse ulempe for den som bur eller oppheld seg i ved område utadørsserveringa er.

Utandørs er det søkt om skjenkeløyve for eit avgrensa område med 50-80 sitteplassar fordelt på 90,4 m². Uteområde er på ei terrasse knytt til lokalet (sjå vedlegg kart over skjenkestad).

To katter på loftet AS vil ha 20-års aldersgrense etter kl.21. Det er utarbeidet interne rutiner for skjenking- og servering av alkohol etter alkoholloven og tilhørende forskrift. To katter på loftet AS vil tilby enkelte temakvelder kor dei vil ha 18 års aldersgrense på arrangementet, det vil då ikkje bli skjenka alkohol gruppe 3.

Skjenkeløyve for alkohol er heimla i alkohollova § 1-7, samt kap. 4. Når vilkår etter Alkohollova er innfridd er det opp til kommunens frie skjønn og kommunens alkoholpolitiske plan å avgjerda om løyve skal gjevast:

Alkoholloven § 1-7 a «Ved vurderingen av om bevilling bør gis, kan kommunen blant annet legge vekt på antallet salgs- og skjenkesteder, stedets karakter, beliggenhet, målgruppe, trafikk- og ordensmessige forhold, næringspolitiske hensyn og hensynet til lokalmiljøet for øvrig. Det kan også legges vekt på om bevillingssøker og personer som nevnt i § 1- 7b første ledd er egnet til å ha bevilling. Kommunen kan beslutte at det ikke skal gis mer enn et bestemt antall bevillinger til salg eller skjenking».

Det er ikkje sett grense for tal skjenkeløyve som kan innvilgas i Alver kommune.

Søknaden har vore til uttale hjå politiet, NAV og skatteetaten. Det er ingen merknader til søknaden eller omsøkte personar. Styrar og avløyser har bestått kunnskapsprøva etter alkohollova.

Ein skjenkestad må i hovudsak ha fått innvilga serveringsløyvet før eit skjenkeløyve kan takast i bruk jf. Serveringlova §2 og Alkohollova §1-4a. Det søkast om serveringsløyve i sama søknad. Søknad om serveringsløyve er vurdert etter krava i serveringslova. Etarblerarprøve er bestått for dagleg leiar. Dagleg leiar for serveringsløyvet er Richard Opdal Walaker f. 13.10.95.

«Kommunal bevilling til salg av alkoholholdig drikk gruppe 1, 2 og 3 kan gis for 4 år av gangen, og med opphør senest 30. september året etter at nytt kommunestyre tiltrer» Jf. Akohollova § 1-6 første ledd.

Søknaden om skjenkeløyve alkoholhaldig drikk gruppe 1-3 vert innstilt med eit løyve gjeldande i inneverande løyveperiode fram til 30.09.28.

I vurdering av søknaden om skjenkeløyve og serveringsløyve kjem det ikkje fram opplysningar som tilseier at løyvet ikkje bør gjevast.

Kommunedirektøren si tilråding

Kommunedirektøren tilrår at alminneleg skjenkeløyve innandørs for gruppe 1-3 vert innvilga med vilkår om at tilsynsrapport frå brannvesenet er godkjent.

Kommunedirektøren tilrår at skjenkeløyye for gruppe 1-3 på avgrensa område utandørs vert innvilga på vilkår om at tilsynsrapport frå brannvesenet er godkjent.

Kommunedirektøren tilrår at serveringsløyye vert innvilga med vilkår om at tilsynsrapport frå brannvesenet er godkjent.

Vedlegg

- 1 Plantegning to katter på loftet AS